



Johannes Arnt Øvretveit
Kvernhushaugane 19
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1467 - 18/28334

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
14.09.2018

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon 3 - gbnr 188/230 Gjervik ytre

Tiltak: deling av tomta
Byggjestad: Gbnr: 188/230 Kvernhushaugane 19
Tiltakshavar: Johannes Arnt Øvretveit
Ansvarleg søkjar:

Vi viser til vårt skriv av 19.06.2018 samt tilsendt tilleggsdokumentasjon.

Det er opplyst at parsellane ikkje overstiger 30% BRA. Det er ikkje gjort greie for utrekning. Vi forstår det slik at parsell 1 er $150+36*100/666 = 28\%$ BRA og parsell 2 er $230+36*100/1318 = 21\%$ BRA.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Pkt. 3 i vårt skriv av 19.06.18 høve parkering er ikkje dokumentert. Det må også visast to parkeringsplassar for den einskilde parsell. Parkeringsplass kan inkludere garasje. Dette skal visast på situasjonskart.
2. Pkt. 4 i vårt skriv av 19.06.18 er ikkje stetta. Dersom privat vatn- og avløpstrasè kryssar parsellane, må det foreleggje privatrettslige avtale frå avgivar eigedom til ny eigedom om at desse kan liggje på annen manns grunn. Vatn- og avløpstrasè er ikkje vist i vår kartbase. Dersom de treng ytterligare bistand, kan teknisk drift – vatn og avløp- kontaktast. Vatn- og avløpstrasè må visast på situasjonskart.
3. Pkt. 5 i vårt skriv av 19.06.18 er ikkje stetta. Det må gjerast greie for uteareal (av tilstrekkeleg storleik og god kvalitet) for begge eigedomane. Dette er areal som er egna til formålet og som ikkje er bebygd eller avsett til køyring eller parkering, sjå «Grad av utnytting», s. 31. Kommuneplanen pkt. 2.5 om MUA = 200m^2 pr. hovudbueining/pr. parsell, vert nytta som veiledande. Uteareal må visast for den einskilde parsell på situasjonskart.

Vi viser også til e-post korrespondanse av 24.08.18 med ytterligare veiledning:



I høve pkt. 5 uteareal, så vert MUA 200m² nytta som veiledande. Dette fordi de nå har søkt om to sjølvstendige eigedomar og kvar av dei må ha tilstrekkeleg uteareal for å kunne kvalifisere seg som ei sjølvstendig bustadomt. Dersom de ikkje stettar det veiledande kravet, så skal det ikkje søkjast dispensasjon. Samtidig vert kravet i Kommuneplanen pkt. 2.5 om MUA = 200m² pr. hovudbueining/pr. parsell, nytta som veiledande for vår sakshandsaming, sjå skriv av 19.06.2018.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 01.10.18**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Førebels svar- trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/230 Gjervik ytre

Kopi til:

| | | |
|-------------------------|----------------------------|----------|
| Johannes Arnt Øvretveit | Kvernhushaugane 5914 19 | ISDALSTØ |
|-------------------------|----------------------------|----------|

Mottakarar:

| | | |
|-------------------------|----------------------------|----------|
| Johannes Arnt Øvretveit | Kvernhushaugane 5914 19 | ISDALSTØ |
|-------------------------|----------------------------|----------|